



Øyvind H. Oddekalv

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2869 - 17/5332

Saksbehandlar:
Ingrid Raniseth
ingrid.raniseth@meland.kommune.no

31.03.2017

Referat, merknadsmøte 15.03.17

Det vart 15.03.17 halde møte på Meland rådhus på bakgrunn av formannskapet sin merknad til oppstart av reguleringsarbeid for Fylkesveg 245 Fosse-Moldekleiv. Vegprosjektet er ein del av Nordhordlandspakken.

Til stades:

Frå administrasjonen	
Plan	Ingrid Raniseth
	Alexander Helle
Frå formannskapet	
Ordførar	Øyvind H. Oddekalv
Varaordførar	Nils Marton Aadland
Frå Statens vegvesen	
Seksjonsleiar Plan og forvaltning, Bergen	Sindre Lillebø
Planbestillar	Eva-Beate Rundereim Torsvik
Prosjektleiar Nordhordlandspakken	Svein Rosseland

Formannskapet orienterte:

Formannskapet sendte på vegne av Meland kommune ein merknad til oppstart av planarbeid for Fv. 245 Fosse-Moldekleiv. Merknaden viste til at det ligg føre ein godkjent plan frå 2009 for store delar av strekket og at denne bør liggje til grunn i planarbeidet. Vidare meiner ein at val av vegstandard må revurderas. Ved å redusere breidda i tverrprofilen kan ein ta omsyn til natur- og kulturlandskapet langs vegen og redusere inngrep i tilgrensande grunneigedomar.

At vegen allereie er ferdigregulert må vere reflektert i framdriftsplan i forhold til andre prosjekt i NH-pakken.

Statens vegvesen orienterte:

SVV opplyste at det er fleire grunnar til at det vert utarbeidd ny reguleringsplan. Gjeldande reguleringsplan er fatta etter gamal plan- og bygningslov, planen regulerer ikkje Fossekrysset og den legg ikkje til rette for midlertidig arealbeslag. Ein minna òg om at retten til ekspropriasjon i medhald av reguleringsplan fell bort 10 år etter vedtak.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vegstandard er valt i samråd med vegeigar Hordaland fylkeskommune ved fylkesvegrådet og legg opp til ei nøktern utbetring av vegen. Vegbreidda er lik som i førre plan, men nye normkrav legg opp til andre løysingar for mellom anna gang- og sykkelveg og sikring mot bilveg. Fråvik frå vegstandard er forventa på deler av traseen, desse vert handsama av Statens vegvesen si fråviksnemnd.

Det òg eit behov for å regulere meir sideareal (anna veggrunn) med tanke på drift og vedlikehald av vegen samt skråningsutslag og støttemurar. Dette vil vere med på å sikre gjennomføring av planen.

Når det gjeld kostnad og framdrift vil utabeiding av ny reguleringsplan ikkje belaste NH-pakka på grunn av fylkeskommunale planmidlar. I høve framdrift er ein avhengig av vedtak i Stortinget. Frå vedtak til byggestart er ein avhengig av prosessar som grunnerverv, utlysing av anbod, prosjektering ol. Prosessen med reguleringsplan forseinkar sånn sett ikkje oppstart av prosjektet.

Oppsummering:

Det vart i møtet gjort avklaringar i høve formannskapet sin merknad. Formannskapet forventar framleis fokus på framdrift i planarbeidet, med tanke på godkjent reguleringsplan og val av vegstandard.

Det kom framlegg om at Statens vegvesen kan stille i møter med formannskapet for å orientere om status til alle delprosjekta i Nordhordlandspakken. Administrasjonen og vegvesenet avtaler når i prosessen det er formålstenleg med eit slikt møte.

Med helsing

Ingrid Raniseth
Plansakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Eva- Beate Rundereim Torsvik

Nils Marton Aadland

Øyvind H. Oddekalv